

# Kvam herad

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam formannskap	04.05.04	072/04	HHOE
Kvam heradsstyre	25.05.04	055/04	HHOE

<b>Avgjerd av:</b> <b>Saksh.:</b> Hogne Høysæter	<b>Arkiv:</b> N-542 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 2004000891
---	---------------------------------------	---------------------------------

### **Sluttrapport for byggjesteg Røyrlid - Måvotno. Framlegg til vidare utbygging av komm. leidningsnett Jonshøgda - Måvotno**

#### **Samandrag:**

#### **I. Sluttrapport for byggjesteg Røyrlid – Måvotno, P61022**

Det vart i 2002 og 2003 bygd kommunalt leidningsnett mellom Røyrlid og vasskilje Måvassleitet. Hovuddelen vart bygd i 2002, medan siste del vart utført i 2003.

Sidan 1 april 2002 og fram til 1 mars 2003 har talet på abonnentar auka med 148 stk frå 643 stk til 791 stk. Det er venta at mange fleire vil knyta seg til i 2004 der det allereie er bygd ut leidningsnett.

Det er på prosjektet att om lag kr. 1 325 000 av eit budsjett på kr. 11 500 000.

Erfaringane frå nyanlegget er så langt positive. Det har ikkje vore registrert problem etter at anlegget har vorte teke i bruk.

Byggjeleiar har skrive eigen sluttrapport.

## **II. Vidare utbygging av kommunalt leidningsnett på Kvamskogen, Jonshøgda - Måvotno.**

Det synes riktig med noko vidare utbygging vestover. Dette er basert på den store interessa for utbygging mellom hytteeigarane. Utbygginga er delt inn i 4 etappar. Før utbygging kan setjast i gang må hytteeigarane skriftleg stadfesta at interessa er verkeleg. Området vest for Sporveishytta (område med tilrenning til planlagt pumpestasjon P13) vert vurdert til å måtte løysast med reinseløysing til vassdrag i Eikjedalen. Ein felles løysing med Samnanger kommune må då vurderast.

## **III Kommunalt tilskot til oppdimensjonering av private vassleidningar**

Det kan etter nærare vurdering gjevast tilskot til private leidningsnett for oppdimensjonering av vassleidning utover det som det enkelte nettet sjølv har behov for. Ein føresetnad er at det med omsyn til leveringstryggleik gjev effektar for eit stort område. Vassleidningen forblir privat og tilskot må hentast frå driftsbudsjettet.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- I. Sluttrapport byggetrinn Røyrlid – Måvotno:  
Sluttrapport for prosjektet P61022 vert godkjent, med ein unytta budsjettsum på kr. 1.325.000.
- II. Vidare utbygging av kommunalt leidningsnett på Kvamskogen, Jonshøgda – Måvotno, nytt prosjektnummer P61043, kan gjennomførast under slike føresetnader:
  - a. Etappe A, lengde om lag 150 m, vert bygd ut som kommunal. Føresetnad er at minimum 10 hytter før byggjeart skriftleg stadfestar at dei vil knyta seg til innan 2 år etter bygging av hovudleidning.
  - b. Etappe B, lengde om lag 470 m, vert bygd ut som kommunal. Føresetnad er at Jonshøgda Fjellstove før byggjeart skriftleg stadfestar at dei knyter seg til når hovudleidningar er lagt fram til fjellstova.
  - c. Etappe C (C1, C2, og C3), lengde om lag 1020 m og 1 lokal pumpestasjon, vert bygd ut som kommunal. Føresetnad er at minimum 75 hytter før byggjeart skriftleg stadfestar at dei vil knyta seg til innan 2 år etter bygging av hovudleidningar og at sonane S-72 og S-73 skal ha teknisk godkjenning etter samla plan for det private leidningsnettet.
  - d. Etappe D, lengde om lag 990 m og 1 pumpestasjon, vert bygd ut som kommunal. Føresetnad er at minimum 60 hytter før byggjeart skriftleg stadfestar at dei vil knyta seg til innan 2 år etter bygging av hovudleidningar.
  - e. For området vest for tilrenning til pumpestasjon P13 skal det vurderast andre løysingar enn pumping austover, primært fellesløysing med Samnanger kommune / Eikjedalen. Hovudplan for avløp for Kvamskogen skal som del av dette oppdaterast / reviderast.
  - f. Finansiering av utbygginga, punkt a-d, skal skje ved utbygging av sjølvfinansierende prosjekt innanfor Kvamskogen avgiftsområde. Rådmannen får fullmakt til å ta opp naudsynt lån, inntil kalkulert kostnad kr. 8.135.000.
- III Det kan etter nærare vurdering gjevast tilskot til private leidningsnett for oppdimensjonering av vassleidning utover det som det enkelte nettet sjølv har behov for. Ein føresetnad er at det med omsyn til leveringstryggleik gjev effektar for eit stort område. Vassleidningen forblir privat og tilskot må hentast frå driftsbudsjettet.

#### **04.05.04 Kvam formannskap**

##### **Framlegg frå Martin Vik, Sp.:**

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak.

##### **Røysting:**

Framlegget frå Martin Vik, Sp, vart samrøystes tilrådd.

##### **FSK-072/04 Tilråding:**

- II. Sluttrapport byggetrinn Røyrlid – Måvotno:  
Sluttrapport for prosjektet P61022 vert godkjent, med ein unytta budsjettsum på kr. 1.325.000.
- II. Vidare utbygging av kommunalt leidningsnett på Kvamskogen, Jonshøgda – Måvotno, nytt prosjektnummer P61043, kan gjennomførast under slike føresetnader:
  - a. Etappe A, lengde om lag 150 m, vert bygd ut som kommunal. Føresetnad er at minimum 10 hytter før byggjestart skriftleg stadfestar at dei vil knyta seg til innan 2 år etter bygging av hovudleidning.
  - b. Etappe B, lengde om lag 470 m, vert bygd ut som kommunal. Føresetnad er at Jonshøgda Fjellstove før byggjestart stadfestar at dei knyter seg til når hovudleidningar er lagt fram til fjellstova.
  - c. Etappe C (C1, C2, og C3), lengde om lag 1020 m og 1 lokal pumpestasjon, vert bygd ut som kommunal. Føresetnad er at minimum 75 hytter før byggjestart skriftleg stadfestar at dei vil knyta seg til innan 2 år etter bygging av hovudleidningar og at sonane S-72 og S-73 skal ha teknisk godkjenning etter samla plan for det private leidningsnettet.
  - d. Etappe D, lengde om lag 990 m og 1 pumpestasjon, vert bygd ut som kommunal. Føresetnad er at minimum 60 hytter før byggjestart skriftleg stadfestar at dei vil knyta seg til innan 2 år etter bygging av hovudleidningar.
  - e. For området vest for tilrenning til pumpestasjon P13 skal det vurderast andre løysingar enn pumping austover, primært fellesløysing med Samnanger kommune / Eikjedalen. Hovudplan for avløp for Kvamskogen skal som del av dette oppdaterast / reviderast.
  - f. Finansiering av utbygginga, punkt a-d, skal skje ved utbygging av sjølvfinansierende prosjekt innanfor Kvamskogen avgiftsområde. Rådmannen får fullmakt til å ta opp naudsynt lån, inntil kalkulert kostnad kr. 8.135.000.
- III Det kan etter nærare vurdering gjevast tilskot til private leidningsnett for oppdimensjonering av vassleidning utover det som det enkelte nettet sjølv har behov for. Ein

føresetnad er at det med omsyn til leveringstryggleik gjev effektar for eit stort område. Vassleidningen forblir privat og tilskot må hentast frå driftsbudsjettet.

**Saksordførar: ?**

**Vedlegg:**

<b>Dok.nr</b>	<b>Tittel</b>	<b>Brevdato</b>
2 – Vedlegg 1	Oversiktsteikning for utbygging Jonshøgda – Måvotno	02.04.04
3 – Vedlegg 2	Fondsutvikling	02.04.04

## Saksopplysningar:

### I. Sluttrapport for byggjesteg Røyrlid – Måvotno, P61022:

Som grunnlag for vidare utbygging av kommunalt leidningsanlegg mot Måvotno utarbeida Kvamskogen Vann og Avløpsselskap AS (KVA) i 2000 eit forprosjekt for Kvam herad. Forprosjektet omhandla mellom anna leidningstrasear, kalkylar og potensiale for tilknytingar i området.

Forprosjektet vart handsama i heradsstyret og det vart i desember 2000 gjort følgjande vedtak:

1. *Kvam herad vedtek å vidareføre vatn og avlaupsanlegg på Kvamskogen.*
2. *Vidareføring skal som neste byggjesteg omfatta strekningen Røyrlid-vasskilje Måvassleitet. Seinare byggjesteg blir å ta stilling til når dette byggjesteget er sett i drift.*
3. *Utbyggjinga skal organiserast som eit ordinert kommunalt utbyggingsprosjekt.*
4. *Administrasjonen skal leggja fram saka i møte i mai 2001 som viser prosjektorganisasjon, framdrift, kostnad og finansiering med sikte på anbodsinnhenting mai/juni 2001 og oppstart juli/august 2001.*

Detaljplan for anlegget og anbuds materiale vart utarbeida av Asplan Viak Bergen AS i løpet av første halvdel av 2001. Arbeidet med grunnavtalar for traseane for dei kommunale leidningane var starta opp. Det var sendt ut informasjon til aktuelle grunn- og hytteeigarar. Den 19 mai 2001 vart det i notat til ordførar orientert om status for prosjektet og planlagt framdrift. Det var avgjerande for prosjektet at det var mange nok som forplikta seg til å knyta seg til det nye nettet og det vart såleis sendt ut skjema for bindande avtale om tilknytting til grunn- og hytteeigarar, svarfrist 22 juni. Status vart presentert i heradsstyre 26 juni 2001 og det var då ikkje mange nok hytte- og grunneigarar som forplikta seg for tilknytting til at anlegget kunne startast opp.

#### **”HST-059/01 Vedtak:**

Arbeidet med gjennomføring av ledningsanlegg for vass-og kloakkleidningar frå eksisterande nett i Røyrlid og vestover mot vasskilje v. Måvotno inkl. sideledning mot Wallemtunet blir starta i samsvar med utarbeidde planar og innhenta tilbod.

Arbeidet med hovudledningen startar og blir utført så snart prosjektet er godkjent som sjølvfinansierande.

Det bør som minstekrav liggja føre tilsagn om tilknytingar som sikrar eit positivt, akkumulert resultat etter 10 år.

Sideledningen kan utførast som byggetrinn to, likevel ikkje meir enn 1 år seinare enn hovudledningen.”

Vedtaket betydde at leidningsanlegget kunne gjennomførast når ein har fått mange nok tilknytingar. Det vart skrive orienteringsbrev til alle grunn- og hytteeigarane som hadde fått brev tidlegare. Vidare vart det inngått avtale med GBS Entreprenør AS om at firmaet sto fast ved anbudet fram til 22 mai 2002.

Hausten 2001 og vinteren 2001/02 vart det arbeida med å informera ut til kontaktpersonar i dei ulike felta. Det vart i mars 2002 skrive notat til ordførar der det vart konkludert med at

prosjektet syntes å vera så nær tidlegare stilte krav at det burde kunne startast opp. Dette fekk tilslutting og kontraktstingingar med GBS Entreprenør AS vart starta opp.

Oppstart av anlegget vart i juni 2002. Hovudanlegget var ferdig til avtalt tid i desember 2002. Kryssingar av riksveg har vore gjort ved boring. Arbeid med opprydding, tilsåing og diverse tilleggsarbeid vart utført i 2003.

I samband med utbygginga vart traseen seinka med 2 m ved vasskillet, det vil sei at grøftedjupna vart større. Konsekvensen av dette tiltaket for seinare utbygging er:

- fleire hytter får sjølvfall, inkludert Jonshøgda Fjellstova. Desse slepp pumping.
- Pumpestasjon P6 ved Vetlavatnet kan reduserast til lokal pumpestasjon for nærområdet.
- Alle hytter vest for Jonshøgda som vert pumpa via P13 slepp ei pumping

I 2003 vart også det bygd kommunale leidningar i Dalen (ved Wallemstunet) som tilleggsarbeid til hovudentreprise. Dette var arbeid som var tenkt som del av ein entreprise 2. Resterande del av entreprise 2 vart bygd ut i privat regi av Dalen Vann og avløpslag med tilskot frå kommunen. Det var oppretta eigen avtale mellom Kvam herad og DVA om dette. Dette anlegget er i si heilheit privat.

Oversikt over deltakarar i prosjektet:

Byggherre:	Kvam herad
Rådgjevar:	Asplan Viak Bergen AS
Hovudentreprenør:	GBS Entreprenør AS
- Rørleggjar:	Hordaland Aquatecnic AS
- Borearbeid:	Vestnorsk Brunnboring AS
Byggjeleiar:	Geoplan AS
Grunnavtalar:	Rolf Brynjulf Bergesen

### Utviklinga av abonnentar på Kvamskogen

På Kvamskogen er alle, så nær som 3 stk, abonnentar målt på areal. Det er 3 fleire abonnement på avløp enn på vatn. Totalt antal abonnentar på avløp er oppgjeve og sidan 1 april 2002 har utviklinga vore som følgjer:

Dato	Antal abonnentar avløp	Akkumulert auke
01.04.02	643	
01.07.02	647	+ 3
01.01.03	698	+ 55
01.04.03	705	+ 62
01.09.03	735	+ 92
01.01.04	786	+ 143
01.03.04	791	+ 148

Det er verdt å merkja seg at auken på 148 abonnentar i tidsrommet gjeld abonnentar på heile Kvamskogen, ikkje berre i området som no er bygd ut. Det vil vera mange fleire som vil knyta seg til i det nye området mellom Røyrlid og Måvotno i løpet av 2004.

## Økonomi

Per 10 mars 2004 er hovudtala for prosjektet som følgjer:

• 02300	Hovudentreprise – kontrakt	kr. 7 967 545
• 02301	Hovudentreprise – tillegg	kr. 413 629
• 02302	Hovudentreprise – prisstigning	kr. 360 698
• 02370	Tekniske anlegg – kontrakt	kr. 32 620
• 02700	Prosjekt- og byggjeleing	kr. 410 984
• 02701	Juridisk bistand	kr. 12 900
• 02709	Andre konsulenttenester (prosjektering)	kr. 305 957
• 05005	Byggjelånsrente	kr. 605 545
•	Totalt på 11 andre kontoar	<u>kr. 3 738</u>
	<b>Utgifter totalt</b>	<b>kr. 10 113 618</b>

Prosjektet har eit vedteke budjett på kr. 11 500 000. Per no er det att kr. 1 386 382 på prosjektet. Det er samstundes nokre få rekningar som ikkje er motteke endå. Sum på desse rekningane er stipulert til om lag kr. 60.000.

Det vert på bakgrunn av dette gjort framlegg om at prosjektet vert avslutta. Disponibel sum etter avslutting, justert for dei siste rekningane, vert kr. 1 325 000.


## Erfaringar så langt

Deler av det nye anlegget har vore i drift sidan seint hausten 2002. I 2003 har relativt mange vorte knytt til. Det har på driftsavdelinga ikkje vore registrert problem i samband med drifta av det nye anlegget. Det har vore gjennomført fleire synfaring, nokre i svært nedbørsrike periodar, utan at det har vore registrert innlekking av ”overflatevatn” på det kommunale spillvasssystemet. Dette er svært positivt, sidan eventuell innlekking på private leidningar også ville vore synleg i desse kummane.

Framover vil endå fleire hytter verta tilkopla og det vert viktig å følgja opp med kontrollar for å sjå til at det ikkje kjem framandvatn inn på anlegget. Skilje mellom kommunalt og privat anlegg er godt definert.

På vassverket vert vassforbruket til ei kvar tid registrert. Verdiane som ein her finn vil gje indikasjonar på om ein har lekkasjar ute på nettet eller ikkje. Dersom overvåkinga indikerer ein lekkasje vil ein ved å stengja ventilar på hovudnett og avlesing av vassmengd kunne finna ut i kva område lekkasjen er i. Spørsmålet vert om lekkasje er på kommunalt hovudnett eller på private fordelingsleidningar. Dersom lekkasje er på kommunalt hovudnett vert det kommunen sitt ansvar å utbetra lekkasjen. Dersom lekkasje er på privat nett vert det gjeve pålegg til eigar om utbetring innan ein tidsfrist.

Tabell under viser korleis produksjonen av vatn har utvikla seg sidan år 2000. Det er då vesentleg å ha med seg auken i abonnentar som har skjedd. Frå 1 april 2002 og fram til no har det vore ein auke i abonnentalet om lag 23 %. Tal for vassproduksjon i 2004 er så langt om lag som for 2003. Dette vil sei ein snittproduksjon på om lag 1 730 m<sup>3</sup> per veke eller like under 90 000 m<sup>3</sup> i året.



## II Vidare utbygging av kommunalt leidningsnett på Kvamskogen, Jonshøgda - Måvotno.

Vidare utbygging vert foreslått på følgjande prinsipp:

1. Vidare utbygging i kommunal regi er delt i fleire etappar.
2. Leidningar eller anlegg som ikkje inngår i kommunal utbygging må byggjast i privat regi.
3. Grunneigarar må gje fri grunn til kommunale og private leidningsanlegg.
4. Det er ikkje vurdert utbygging lengre vestover enn til pumpestasjon P13 ved Måvotno. Terrenget har fall mot Eikjedalen. Det bør vurderast samla reinseløysingar til Eikjedalsvassdraget saman med Samnanger kommune for dei som ligg vest for P13. Hovudplan avløp for Kvamskogen må i så fall reviderast.
5. Utbyggingssonane S-72 og S-73 skal sjåast i samanheng og desse sonene må sjølv finna løysing for privat leidningsnett i samla plan for området. Hytteeigarane i desse sonene må tilpasse seg denne planen og kommunen vil ikkje akseptera løysingar utanom plan.
6. Utbygging av dei enkelte kommunale etappene skal kvar for seg vera med på å betra økonomien for heile avgiftsområdet på Kvamskogen. NB! Unntak for etappe B, sjå nærare omtale der.

7. Utbygging på den enkelte etappe kan starta først etter at det skriftleg er stadfesta frå eit stort nok antal hytte- og grunneigarar at tilknytning til kommunalt nett vil skje innan 2 år etter positivt vedtak i saka.
8. Kostnader er stipulerte. Dersom det ved innhenting av prisar på utføringa av dei enkelte etappane skulle vera avvika frå dei stipulerte kostnadane, skal kravet til antal tilknyttingar justerast for tilpassing til ny kostnad. For etappe B skal slik endring sjåast i samanheng med krav til antal tilknyttingar i sone S-72 og S-73.

### **Nærare omtale av dei ulike utbyggingsetappane med stipulerte kostnader**

Kostnadane byggjer frå erfaringstal frå siste utbyggingstrinn og det er inkludert kostnader til prosjektering, utarbeiding av grunnavtalar, byggjeleiing, sjølve utbygginga og uforutsett. For leiingsgrøftene er det teke omsyn til at det ser ut til å vera mykje sprengning og at det på enkelte strekningar er 3 rør i same grøft. Prosjektleiing er tenkt utført av Kvam herad.

Dei ulike etappane er vist på vedlagt oversiktsteikning.

- **Etappe A**  
**Sideleidning over eigedomane 21/148 og 21/205 (503)**

Sjå vedlagt teikning, strekning punkt 1-2-3. Lengde om lag 150 m. Traseen ligg på sørsida av riksvegen og riksvegen vart kryssa i samband med siste utbygging. I denne utbygginga vart kommunale leiingar avslutta slik som dei vart prosjektert. I samband med spørsmål om tilknytting av hytter sørvest for dette punktet finn ein at det er ein relativt lang strekning der det ikkje vert tilknytting av hytter. Dette fordi området i plan for Kvamskogen er sett av til grøntområde og felles parkeringsplass. Område for parkeringsplass strekkjer seg frå punkt 2 og vestover til eit stykke forbi punkt 3.

Tiltaket er kostnadsrekna til om lag kr. 375.000. Det er eit potensiale på om lag 20 hytter i området. Minimum 10 hytter må skriftleg forplikta seg til å knyta seg til innan 2 år etter vedtak om bygging av før bygging vert gjennomført.

- **Etappe B.**  
**Hovudleidningar forbi Jonshøgda Fjellstove**

Sjå vedlagt teikning, strekning punkt 6-7-12-13-14-15. Lengde om lag 470 m. Traseen går frå endepunkt av siste utbygging og parallelt med riksvegen vestover og forbi Jonshøgda Fjellstove. Jonshøgda Fjellstove har nyleg fått pålegg om å knyta seg til kommunalt vassverk.

Tiltaket er kostnadsrekna til om lag kr. 1.300.000. Det er relativt få hytter som ligg direkte til denne traseen, men han er ein føresetnad for seinare tilknytting frå området rundt Vetlavatnet og rundt Måvotno. Kravet om eit stort nok antal hytter tilknytt leiingsnettet er derfor inkludert i talet for desse etappane, ikkje denne. Det er derimot eit krav at Jonshøgda Fjellstove vert knytt til.

- **Etappe C (C1, C2 og C3)**

**C1: Sideleidning frå punkt 32 med retning mot Furudalen til punkt 4 (om lag 350 m)**

**C2: Sideleidning frå punkt 7 til punkt 11 (søraust for Vetlavatnet om lag 385 m)**

**C3: Pumpestasjon P13 ved osen av Vetlavatnet med sideleidningar (om lag 280 m)**

Sjå vedlagt teikning. Strekningane frå punkt 32-5-4, 7-8-9-10-11 og 15-16-18-19, 16-17, 18-20, 16-17, samt pumpestasjon P6. Total lengde med leidningar er om lag 1020 m. Lokal pumpestasjon spillvatn for 50 hytter.

Tiltaket er kostnadsrekna til om lag kr. 3.100.000. Det er eit potensiale på om lag 110 hytter i området. Minimum 75 hytter må skrifteleg forplikta seg til å knyta seg til innan 2 år etter vedtak om bygging før bygging vert gjennomført.

- **Etappe D**

**Hovudleidning frå Jonshøgda til pumpestasjon P13 ved Måvotno (om lag 700 m), pumpestasjon P13 med sideleidningar (om lag 300 m)**

Sjå vedlagt teikning, strekning punkt 15-21-32-22-23-24-26-P13, -31, 24-25, P13-27 og P13-28-29-30. Total lengde med leidningar er om lag 990 m. Pumpestasjon spillvatn for 200 hytter. Pumpestasjon er såleis ikkje dimensjonert for å ta i mot spillvatn frå Eikjedalen.

Tiltaket er kostnadsrekna til om lag kr. 3.360.000. Det er eit potensiale på om lag 100 hytter i området. Minimum 60 hytter må skrifteleg forplikta seg til å knyta seg til innan 2 år etter vedtak om bygging før bygging vert gjennomført.

### **III Kommunalt tilskot til oppdimensjonering av private vassleidningar**

Med tanke på å få etablert ringleidningar for styrking av vassleidningsnett kan det gjevast tilskot til privat for meirkostnaden med å leggja ein større vassleidning enn det private nettet sjølv har bruk for. Dette kan skje der ein slik ringleidning gjev effektar for eit større område. Vassleidningen vil halda fram med å vera privat etter eit tilskot er gjeve og må såleis driftast privat. Tilskotet må finansierast over driftsbudsjettet sidan vassleidningen ikkje er kommunal. Dette tilskotet er i første rekkje tenkt der utvikling av område skjer raskt og at det er vesentleg å vera med for seinare å kunne redusera kostnader. Ordinært skal slike saker avgjerast gjennom vanleg saksgang til politisk nivå og med vedteken løyving.

Eksempel på strekning som det bør vurderast å gje tilskot til er mellom punkt 3 og 4 (mellom etappe A og C1) og mellom punkt 11 og 20 (mellom etappe C2 og C3).

## **Vurdering:**

### **I Sluttrapport for byggjesteg Røyrlid – Måvotno**

Etter at utbygginga er avslutta og det har vore i kommunal drift gjennom ein vinter er vurderinga at prosjektet har vore vel gjennomført.


### **II Vidare utbygging Jonshøgda – Måvotno**

Med bakgrunn i interesse frå grunn- og hytteeigarar i området og stipulerte prisar synes det totalt sett som eit godt prosjekt å utvida det kommunale leiðningsnett. Ved skriftleg stadfesting frå grunn- og hytteeigarar og innhenting prisar frå entreprenørar vil ein få grunnlag for endeleg administrativ avgjersle før utbygginga fysisk startar.

### **III Kommunalt tilskot til oppdimensjonering av private vassleidningar**


For raskt å fanga opp endringar i utbyggingsområde vil det i enkelte tilfelle vera fornuftig å dimensjonera opp ein privat vassleidning for å styrkja sikkerheita for vassleveranse i eit større område. Alternativet vil gjerne vera å byggja ein kommunal leiðning som eit eige prosjekt.

KVAM HERAD	
Arkivnr:	04/891
Dato:	02 APR. 2004
Dok nr:	2
Arkiv:	542
Saksnr:	HICE
Ark A:	



Vedlegg 1  
 Oversikts-teikning for utbygging  
 Jonshøgda – Måvottno.  
 2 april 04  
 Kvam herad

## Vedlegg 2: Fondsutvikling ulike scenario



2 april 2004

